

TYSVÆR KOMMUNE

KONTROLLUTVALET SI
ÅRSMELDING
FOR 2010



KONTROLLUTVALET
TYSVÆR KOMMUNE

1. INNLEIING

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som på vegne av kommunestyret skal føre det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga. Ordninga er heimla i kommunelova og i forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller også til dette. I følgje kommunelova § 77 pkt 6 skal ”*kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget*”.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljast blant representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har 7 faste medlemmer med numerisk valte varamedlemmer:

Faste medlemmer

| | |
|-----------|--------------------------------|
| Leiar | Jakob Alstveit (Sp) |
| Nestleiar | Jorunn Martinsen ((Frp) |
| Medlem | Arne Jon Myskja (Krf) |
| Medlem | Arne Henry Grottvik (H) |
| Medlem | Magnar Halvorsen (H) |
| Medlem | Atle Heskja (A) |
| Medlem | Reidun Lundø (A) |

Varamedlemmer:

1. Gunnar Egge (V)
2. Odd Harald Kvam (Sp)
3. Ivar Bjordal (Frp)
4. Henning Bratthammer (SV)

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2010

Kontrollutvalet har i 2010 hatt 4 møte fordelt på to møte på våren og to møte om hausten. Kontrollutvalet sine møte har vore lukka, då utvalet ikkje har vedteke noko anna (§ 77 nr 8). Utvalet har helde sine møte i Kårstørommet i Tysvær rådhus.

Utvalet har hatt **19** saker til handsaming og **40** saker til orientering. Som vedlegg til årsmeldinga er det laga ei oversikt over dei saker som er lagt fram for kontrollutvalet.

Leiar og Reidun Lundø deltok på konferanse i regi av Norges Kommunerevisorforbund på Gardermoen 3.-4.02.10. Ingen deltok på Forum for kontroll og tilsyn sin konferanse i juni. Leiar deltok på haustkonferansen for kontrollutval i Rogaland i Sandnes 03.11.10.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møte 18.05.10 kommunen sin årsrekneskap for 2009 til handsaming. Revisjonen hadde ikkje atterhald eller presiseringar. Kontrollutvalet var nøgd med at kommunerekneskapen var ført på ein slik måte at revisor ikkje har spesielle merknader til rekneskapen. Kontrollutvalet peika på at budsjett disiplinen kunne vore noko betre då det hadde vore meirforbruk innan nokre av resultatområda.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal vedtas av kommunestyret. Tysvær kommune sin plan for 2008-2011 blei vedteken av kommunestyret i møte 17.02.09, sak 2/09.

Rapport om handsaming av private reguleringsplanar vart lagt fram for kommunestyret i februar. Rapport om bruk av innleidd arbeidskraft innan helse og omsorg blei handsama i kontrollutvalet i mars og i kommunestyret i mai. Bestillinga om forvaltningsrevisjon innan innkjøp og innkjøpssamarbeid er under arbeid. Rapport vert venta i 2011.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

I følgje kommunelova er kontrollutvalet pålagt å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen for 2008-2011 og retningslinjene for selskapskontroll ble vedteken av kommunestyret i møte 17.02.09, sak 3/09.

Kontrollutvalet vedtok i 2009 å gjennomføre selskapskontroll i Haugaland Kraft AS i lag med dei andre eigarkommunane. Rapporten vil være klar på nyåret 2011.

Kontrollutvalet slutta seg i mai til ein invitasjon frå Vindafjord kontrollutval om å gjennomføre i lag med dei andre eigarkommunane (Haugesund, Vindafjord, Etne og Bokn) ei utvida selskapskontroll i Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS (HIM). Haugesund kontrollutval vedtok i haust å nytte revisjonsfirmaet Deloitte AS til å utføre kontrollen og kontrollutvalet godkjente deira prosjektplan i november. Rapport er lova ferdig våren 2011.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Kommunestyret avgjer om kommunen skal tilsetje eigen revisor, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med privat revisor. Vedtak om dette skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet. Dersom det skal gjerast greie for alternative revisjonsordningar, er det kommunestyret som må pålegge kontrollutvalet å foreta ei slik utgreiing.

Tysvær kommune er i dag med i ei interkommunal revisjonsordning (samarbeid etter kommunelova § 27) saman med kommunane Bokn, Etne, Karmøy, Sauda, Suldal, Sveio, Utsira, og Vindafjord. Kommunane har forplikta seg til å bruke Haugaland kommune-revisjon (HKR) for ein periode på 4 år fram til 31.12.11.

For å få eit større fagmiljø og utvida kompetanse blei det i 2009 ført forhandlingar om å slå saman HKR med Indre Hordaland Revisjonsdistrikt (IHR), som også er eit interkommunalt § 27-samarbeid mellom Eidfjord, Jondal, Odda, Ullensvang, Ulvik og Voss. Styra sendte så over til kommunane til godkjenning nye vedtekter for nytt selskap, kalla Kommunerevisjon Vest.

Kommunestyret slutta seg til innstillinga om samanslåing og godkjenning av vedtekter i møte 13.04.10, sak 14/10. Det same vedtaket har dei andre kommunane innan HKR gjort. For dei innan IHR vil det kome ei avklaring i vår. Karmøy kommunestyre vedtok 14.12.10 å si opp revisjonsavtalen. Ei avklaring om framtidig revisjonsstruktur må difor komme i løpet av 2011.

Kommunestyret bad, i likskap med Karmøy, om ei utgreiing om dei revisjonsordningane som er moglege å ha. Kontrollutvalet handsama saka i november, men kom ikkje med nokon innstilling til kommunestyret som sa noko om opphør av noverande avtale eller om konkurranseutsetting.

Revisjonssjefen for IHR har i 2010 vore ansvarleg revisor. Kommunen sin revisor har møte- og talerett i utvalet sine møter, og konstituert revisjonssjef har deltatt i to kontrollutvalet sine fire møte i 2010.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Kontrollutvalet bad om en orientering om HMS-arbeidet i kommunen på fyrste møte på nyåret. Kommunalsjef Dybdahl og personalkonsulenten orienterte om sjukefråversstatistikk og arbeidet for å få ned dei høge talla.

Utvalet bad i oktober på bakgrunn av oppslag i nyheitene om ein orientering om drifta av og kvaliteten i barnehagane i Tysvær Barnehagesjef Anne-Lise Myrvoll gav ei fylldig orientering på møte i november.

Då utvalet i mai meinte at rehabiliteringa av Skjoldastraumen kyrkje ikkje hadde vore handtert på ein god måte, bad dei om ei tilbakemelding om korleis fellestrådet held seg til dei krav i forskrift om offentlege anskaffingar. I svaret frå kyrkjevevja forklarar han saksgang og årsaker om dei vurderingar som blei gjort. Han viser til at det er fyrste gong ein så stor sak kom så brått på, og som kravde ei rask avgjerd. Utvalet valde å la saka passere og rekna med ein annan prosess ved rehabilitering av Nedstrand kyrkje.

Utvalet bad på bakgrunn av presseomtala overgrepssak å få innsyn i kva tilsette og folkevalde har visst om saka og om kva tiltak som er sett i verk. Ordførar orienterte om status i saka på novembermøte og utvalet vil vurdere saka på nytt i neste møte når rapporten frå kommunen sin advokat ligg føre.

Utvalet er og blitt orientert om statlege tilsyn, budsjettvedtak , økonomiplanar, KOSTRA-tall, sjukefråversrapportar osv.

4.6 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR INTERNT TILSYN OG KONTROLL

Kontrollutvalet handsama hausten 2010 framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2010. Totalt var framlegg til budsjett på kr 617.000. Av dette utgjorde kr 400.000 til revisjonstenester, kr 153.000 til sekretariatstenester og kr 64.000 til utvalet si eige verksemd. I kommunestyremøte 14.12.10, sak 76/10 blei budsjettet vedteken. Utgiftene skal ifølgje KOSTRA først på funksjon 1100.

4.7 SEKRETARIAT

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2010, som tidligare år, ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Selskapet er eid av 10 deltakarkommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Ny dagleg leiar tiltrådte i oktober. Tysvær sin del av kostnadene utgjorde kr 140.000 i 2010, som har dekkja all normal aktivitet i utvalet, frå sakshandsaming til utsending av innkallingar og utskrifter.

5. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2010 har stort sett vore i samsvar med vedtekne planar og tildelte budsjettmidlar.

Elles har året vore prega av mykje uro og usikkerheit når det gjeld framtidig revisjonsordning. Ved sekretariatet har det i haust kome ny dagleg leiar.

Jakob Alstveit (Sp)
leiar

Jorunn Martinsen (Frp)
nestleiar

Arne Henry Grottvik (H)

Atle Heskja (A)

Arne Jon Myskja (Krf)

Magnar Halvorsen (H)

Reidun Lundø (A)